

LAG DIN EIGEN BOKSKOG



Alle som er glade i bøker, skulle gjerne ønske dei hadde ein heil skog av dei. Her kan du lage din eigen vesle bokskog. Følg oppskrifta nedanfor og lag eitt eller fleire tre. Beheld du dei sjølv, eller blir det julegåve til nokon som er glad i bøker?



1 Riv eller klipp ut minst fire like store ark frå eit blad, ei avis eller ei øydelagd bok. Bruk gjerne fleire om du vil ha eit tett og fint tre.



2 Legg arka oppå kvarandre og brett dei i to på langs. Teikn og klipp forma på eit juletre slik du vil at det skal sjå ut. Hugs å teikne og klippe på motsett side av bretten, slik at «stammen» på treet kjem der bretten er.



3 Brett ut igjen arka og set 3–4 stiftar langs brettekanten. No kan du folde ut treet og setje det til pynt.